

# Styringsgruppa Utviklingsplan HMR HF

Saksframlegg

## Bygningsmessig utviklingsplan

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
18/2017	Styringsgruppa utviklingsplan HMR	22. august 2017

### Forslag til vedtak

1. Styringsgruppa tek orienteringa om den bygningsmessige utviklingsplanen til vitande.

## Saksframlegg

Bygningsmessig utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal er avgrensa til å gjelde utvikling av bygningsmassen som gjeld Ålesund og Volda sjukehus og dei institusjonane i Møre og Romsdal som ligg utanfor sjukehusa, som DPS, rehabiliteringsinstitusjonane og rusinstitusjonane. Bygningsmessig utviklingsplan for SNR vert teken i vare gjennom SNR-prosjektet.

Arbeidet vert leia av SEMCO og er organisert som prosjekt.

Føremålet er å etablere ein bygningsmessig utviklingsplan som basis for ei realistisk og planmessig utvikling av bygningsmassen på ein måte som sikrar høg drifts- og arealeffektivitet.

### Mandat:

Prosjektgruppa skal i samspel med arbeidet for verksemds messig utviklingsplan utarbeide og forankre ein bygningsmessig utviklingsplan for verksemdene i Helse Møre og Romsdal eksklusiv SNR.

Planen vert separert i to tidshorisontar:

- 2018-2022 – Konkrete tiltak i prioritert og praktisk rekkefølge. Prioriterte prosjekt skal i tillegg detaljprosjekteres hausten 2017 som grunnlag for anbud, og mulig gjennomføring frå 2018.
- 2022-2032 – Rammeplan for vidare utvikling av bygningsmassen. I hovudsak vidareføre følgjande basiskonsept frå 2007 (CF-Møller-planen);
  - Mål om einerom
  - Poliklinikkar/dagbehandling i plan 1

Utover dette kan gruppa utfordre CF-Møllerplanens løysingar.

Gjennom involvering av tilsette, leiarar og brukarar, skal gruppa sjå til at dagens driftsmessige utfordringar blir hensyntatt.

Det skal takast omsyn til befolkningsmessig framskriving får Sjukehusbygg.

Eksisterande og framtidige driftsutfordringar skal i størst mogleg grad løysast ved å optimalisere areal innan eksisterande bygningskroppar (herunder Ålesund legevakt og Hjelpemiddelsentralen).

Vidare la seg inspirere av arkitekt- og driftsløysingar i SNR, og i størst mogleg grad følgje same prinsipp som er lagt til grunn for dette sjukehuset.

### **Status 220817**

Det har vore gjennomført felles møte med klinikksjefane for overordna gjennomgang av utviklingstrekk for dei ulike fagområda. Det har også vore møter med den enkelte klinikk for å få innspel til arbeidet. Styringsgruppa vart orientert om bygningsmessig utviklingsplan i møte 6. juni (sjå vedlagt presentasjon). Vidare oppfølging og status/framdrift leggjast fram i dagens møte v/prosjektansvarleg Lars Erik Berg, SEMCO.